

Emnenr. 23

Fylke: Oppland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: V. Slidre.

Emne: Bordskikk til Hverdags.

Bygdelag: Øyebygde i Røn.

Oppskr. av: G. Kirkevoll.

Gard: Kirkevoll.

(adresse): Jomfrubraatvn. 25
Bekkelagshøgda.

G.nr. 66 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. **Eigen røynsle og etter det som eg har høyrst.**B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Eg er født i V. Slidre 1895 - Er gartner.

SVAR

I eldre tider var det vanleg aa laga mat og eta i samarum, slik og for det meste idag daa husi fraa den tidi er i bruk og det var praktisk.

1. Ein sat ved langbordet (skiva som gamle folk sa -skive og junge um bordkniv er ord som mange ikkje har høyrst no). Gryteskraparen sat ikkje ved bordet, men ved ein benker krakk. Ei liti historie maa eg taka med som fortel sitt.

Ein fatiggut kom til prsten eit ærind. Han fekk mat og tok til eta utan aa lesa bordbømi. Presten spurde: "Kva seier mor di naar dykk set dykk til bords?". Guten, "me har ikkje bord, men et ved ei stor kiste". Presten, "Kva seier mor naa dykk set dykk til den kista?". Guten, "Eg faar ikkje sita ved kista, men maa skrapa gryta og sit for meg sjølv". Presten, "Men mor seier vel noko naar du skal til med gryta". Guten, "Mor seier, sote deg ikkje ut din djevel". Presten, "Men, kva seier far naar mor seier noko slikt". Guten, "Far seier, at me faar skrapa vel i oss; for det er ikkje sikkert naar me faar mat att - det er ikkje med oss som med presten som kan eta støtt!".

2. Alle har støtt été ved sama bord og gjer det den dag idag. Lang tid attende maatte tiggarrar sita ved ein benker eller krakk. - Med det fyrste potetene var komne til Slidre kom det inn ei tiggarkjering paa Egge i Slidre. Ho fekk

smør, ost og nokre potetor paa noko flattbrødstykkjor medan ho sat ved ein benk. Ho var ikkje vant med potetor som trilla paa golvet. "Fremmande grøe trilla ned taa brøe", sa ho turt. (Ordet "grøe" blir brukt i ei naanleg meining der uppe).

Gryteskraparen skulde ikkje bli salig, heitte det, men likevel var det mange som sette pris paa aa skrapa grautegryta, gryteskovone var gode. Og det var dei som ofte brukte aa kline graut kring grytebraddane, henge gryta att paa varmin og fekk soleis gryteskovor paa nytt. - Naar det koktes velling var det og ofte ein som aat or grytun til slutt.

Det var vel berre innbiling at det smakte betre or grytun.

3. Alle aat paa sama tid paa kjøkenet - husbondsfolk og tenarar.

Var det handtverkarar i arbeid so fekk dei ofte litt betre stell for seg sjølv.

4. Elles var maten likt for husbondsfolk og tenarar.

5. Til kvardags vart det støtt été paa kjøkenet.

6. Vanlegvis aat husbonden saman med tenarane paa kjøkenet.

Kom det ein gjest so sat husbonden saman med han i stogun,

7. Husbonden hadde plassen i høgsete fraa gamalt, men elles satte dei seg kvar det raakte ettersom det passa.

8. Det var ingen skikk at ungane skulde staa ved bordet, men dei maatte vera stille og rolege og ikkje skrata eller glise.

9. Endaa heitter det nekkséte og nekksetbenken der det endaa er faste benker (spikra til veggen), men eg trur ikkje det

er so nøye med kven som sit der. (Ein som var sver til aa læ fekk spursmaal um nan hadde faatt knesagraut). Det gjalt serleg born.

10. Kjenner lite til dette.

11. Karfolkene vaska støtt hendene før dei gjekk til bords.

Arbeidet tilsa det og dei tok støtt taa seg luva eller hatten. Det maatte smaagutane tidleg lære seg til.

12. Til for umlag 50 aar sidan vart graut og liknande été av sama fat og det var og felles mjølkekopp til grauten.

Deifleste tok ein garutebete i skjeie og dyppa i mjølkekoppen naar dei aat, men det var og dei som tok grautebetin inn i munn fyrst og ei skjei mjølk etterpaa.

Før var det vanleg aa koke vassgrauten so stiv at naar den vart kald so kunne ein støkkji taa store klanka med skjeien,, ta grauteklanken i neven (derav namnet nevagraut) bite av ein bete og ta mjølk attaat med skjeien. - Naar dei kokte graut so heitte det "at den siste skoto (mjølskoto eller (Det var ikkje giftande gjente greide no ikkje tville nevagraut.) mjølskøvve)metta mange mann. -Øverst i bygdene der det var lite og daarleg "grøn" (mjølvare) bruktest ofte aa ta ein bete med graut og ein med søtbrim (annankvar gong brim og grautebete) med mjølk til som vanleg. - Seinar fekk kvar sin grautetalikk med mjølkekopp til. -Diverre gaar vassgrauten meir og meir av bruk,og mjølet blir finar og finar.

13. Gryta vart skjeldan sett paa bordet,men panna vart før sett paa ein panning paa bordet.Seinar vart maten lagt paa fat eller talikkar. Dette gjalt ogso før til fremmande.

14. Serleg var det leifse ein klinte smør paa,la so paa fisk (lutefisk eller rakfisk var mest brukt) rulla den saman i ein liten rull -bause.Det var bause um det var berre smør paa og.Var det flattbrød som var brukt heitte det klining. (Uttrykket "baus"gjente um ei som saag stor og bra ut.)

Naar ein kokte tjerosmøning maatte ein ha berre halv gryta elles vilde ho "bause over". *Når ein kokte tjerosmøning maatte ein ha berre halv gryta* elles vilde ho "bause over". -Bause og klining vart brukt til bisk og til nons eller som ekstramat naar ungane vart svoltne.

15. Aa bite aav sukkerbetin naar ein drakk kaffe var ikkje bra ,men um ein tok betin i munn og drakk kaffe til gjorde ingen ting.

16. Det var vanleg aa fylle baade skaal og kopp med kaffe so ein var nøygd til aa drikke av skaali.Og folk var redd for aa drikke sjele varm kaffe ,difor vart det slege mest paa skaali og drikke av den.Men det er slutt for lenge sidan.

17. Gaffil og junga (bordkniv)var i bruk lenge før mi tid, men serleg naar det var flesk vart tollkniven brukt av karane lenge framover.Kvinnone brukte junga.

- 4 19. Det var treskjeie som var brukt, dei var av bjørk og eg kan hukse mor hadde med seg eit knippe med nye treskjeier paa stølen og brimkokte dei fleire gonger. Daa vart dei sterke og harde. Slik var det med sleiver og mjølskotor og. Skjeiene vart støtt vaska for kvar gong, lagt i ei skjeikørg. - - Kraamkarar som reiste rundt med hest hadde med seg til salg linolja skjeier med innrita figurar i blad og skaft. Hjaa oss hadde kjøpt ein slike og eg kan endaa hukse eg var so glad i ei skjei med ein fløytespelar paa. Det var paasett sviomark: for dei gjekk mykje paa laan i gravøl og brudlaup. Slik var det og med knivar ^{opke på bær.} og gaffila.
20. Steintøy-talikka var i bruk før mi tid, men eg kan hukse eg saag att tretalikka hjaa oss (børiska tjukk l). Eg kan hukse at dei var av brun og hard ved og bestefar laga ymse ting av dei m.a. Fekk eg ein peikepinne av han daa eg skulde til aa lesa. - Med steintøytalikko gjekk fellesfate litt etter kvart av bruk. Trefat og smaa tretrog held seg endaa ei tid paa stølane og er vel endaa i bruk sume stader.
21. Bordduk var ikkje mykje i bruk anna ved visse høve for 50 aar sidan. Det var sandskura, trekvite bord eller linolja.
22. Voksduk er kome mykje i bruk i seinare tid.
23. So vidt eg veit so har ikkje maten vore skifta i mi tid - ~~som eg veit um.~~ Men lenger attende var det nok vanleg aa skifte serleg suvvele. Endaa gaar historia i bygden um prestfrua som delte til 7 klubba til 7 karar og Grythin skunda seg aa tog tvo so det vart ein forlite. Historia um guten, smøret og osteskiva tyder paa det sama, men ^{at} det tildels vart i minste laget. Han sa det til matmor si paa denne maaten: " Igaar hadde eg so vondt i augo at eg saag ikkje smøret paa brødet; men idag ser eg sole gjenom osteskiva mi".
24. Det var serleg smør, flesk, kjøt og ost som i si tid vart skifta. Kaffematen vart ofte tildelt, men eg veit ikkje um ein kan kalle det skifta i den forstand.
25. Alle fekk det dei vilde ha og aat til dei vart mette.

26. Det var fyrst og fremst mor som maatte hjelpe ungene med maten, men svert ofte besteforeldrene og eldre syskin- eller far naar han hadde tid.

27. Aa tygge maten til ungene er gange av bruk for umlag 50 aar sidan eller før, men eg kan hukse eg har sett ^{det} vart gjort daa eg var ein smaagut. Skikken held seg vel ikkje like lenge alle stader heller.

28. Før var det nok vanleg at alle las stille før maten naar dei hadde sett seg tilbords, - med falda henda. Berre ordet Jessunamn eller Jøssunam vart kviskra fram tilslut.

Ein som heitte Timann Skrøviken brukte alder aa lesa for maten. Daa var det ein som spurde kvifor han ikkje gjorde det. Timann svara: "At det veks so godt grøn i Skrøviken at det sit i lell". Skrøvike var ein god grøngal, so han hadde rett i det. - Det var nok dei stader husfaren las høgt for maten ogso, der det er religiøse er skikken endaa i bruk. Men til vanleg vart den vel burtlagt for 50-60 aar sidan. - Medan eg gjekk paa folkeskula hjaa den gamle læraren maatte ein av oss stødt lesa bordbøni før me tok nesta vaar.

29. Dei vaksne kunne tala medan dei aat, borni skulde helst ikkje segja stort og ikkje skrata eller glise. Det var helst husbonden eller ein annan som førde ordet.

30. Det var upassande aa skrate ved bordet, men nett dette gjorde at ofte ungdomen var ille ute naar det hende eit enn anna som var moro.

31. Aa hulle (tralle) ^{eller blistre} ved bordet var det verste ein kunne gjera, men likevel kunne det hende at det vart gjort. Men daa kom det fraa ein eller annan: "Mann visste ikkje at kjeringi si var vill før ho hulla med ho aat". Den som blistra ved bordet smorde hunderauve, sa dei.

32. Ingen maatte gaa fraa bordet for alle hadde été .

33. Dei som hørde huset til sa ikkje takk for maten, det eg kan hukse.

35. Naar ein fremann kom inn naar folk aat so sa han:

"Signe maten", dei andre takka. Men den skikken er gangen burt, men far brukte det støtt.

35. I eldre tider var det skikken at alle som kom inn under maaltidet skulde ha mat anten dei trengte det eller ikkje. Sidan vart det berre dei trengande som fekk mat naar dei kom slik.

36. Fremande folk fekk mat kva tid dei kom.

37. Ein tilfeldig gjest fekk ikkje ekstra traktering, men kom det ein skarvemeneske til gards so stelte dei gjerne litt ekstra med det. For det heitte: "At ein skulde gjera eit skarn vel i fraa seg". Det var ein del visdom i det.

38. Til vanleg fekk dei ein kopp kaffe alle som kom innom. Paa stølane naar det var øykjileitarar enn andre som var ute og fór fekk dei støtt mjølkedrikke (ein spelkom med søt mjølk). Og ofte mat. Gardar og stølar som laag etter vegar kunne det bli som ein kvilarplass med nokso mykji trafikk. Den gamle gjestfriheite heng vel endaa att delvis hjaa dei eldre. Men dei yngre har ikkje tid til aa taka upp att den skikken heller. - Heime hjaa oss gjekk vegen gjennom garden. Øvre bygde hadde lang veg til krambudi. Det var ofte godt for dei aa faa ein kvil og ein kaffekopp for dei tok paa dei lange motbakkane.

39. Ein gjest fekk helst mat uti stogun. Var det storfremann so maatte han upp paa ~~stogo~~ stogo. Husfaren maatte sjølv sagt halde han med selskap um han var tilstades.

40. Det var skikken at ein skulde leta seg beda naar ein skulde forsyne seg som gjest. Og ofte maatte husmore legge nedpaa til gjesten og soleis truge maten i han. Var det slikt so bakils so kunne det ofte bli attliggande baade tvo og tri. Men daa braut husmori dei sunde so daa var gjesten nøygd til aa eta det upp. Dette saag eg mor brukte ofte.

41. Det mest vanlege var at ein av huset var med gjesten og aat - eller i allfall sita aa tala med han.

10/4-54